

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.